



*Ulla Skulehus Haramsey
Skjpa 11. april 2009 Bygd i 1886*

Styremøte Ulla Skulehus 7. november 2010

Møte på Ullahammaren

Til stades: Knut Hallvard Ulla, Grethe Flem Ulla og Peder Ulla

Sak 3 2010/2011

Kjøp av gassovn

Ulla Skulehus kjøper ein nesten ny gassovn av Knut Hallvard Ulla for kr 500. Gassovnen skal stå på skulehuset slik at vi slepp å låne ovn kvar gong vi treng det.

Sak 4 2010/2011

Formalitetar

Haram kommune har halde kartforretning og oppmåling av grunnen.

Sak 5 2010/2011

Dugnad

Det er kjøpt inn lister til innvendige dører og vindauge. Prioritering på dugnad til våren blir måling av tak, veggjar og golv. Vidare rydding av loftet.

Sak 6 2010/2011

Grasklipping

Vi ønskjer at ein fast person på Ulla skal ta ansvaret for grasklippinga. Betaling for eksempel kr 100 pr gong. Det er viktig å starte tidleg på våren før grasen blir for høgt. Grethe undersøker blant ungdom på Ulla.

Sak 7 2010/2011

Sommarbutikken "Klæberget" 2011

Vi har snakka med Siv og Solveig, og dei vil lage liknande opplegg som i 2010 i samband med Ullafesten.

Sak 8 2010/2011

Søknad om tilskot

Knut Hallvard har søkt Sparebanken Møre om tilskot i samband med listing og måling innvendig. Vi må undersøkje om det er noko å hente på tampen av året i Haram kommune.

Knut Hallvard Ulla
Skrivar